

FITJAR KYRKJEBLAD





**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tys., ons. og fre.: kl.10:00 - 15:00

Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje/kantor:

Overweg, Jan 901 97 069

kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635

rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Oma, Elisabeth Søndena

eson@fitjar.kommune.no

Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Helland, Wenche A. 901 33 397

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805



Framsdebilete:

Frå Tårnagethelga

Foto: Randi Lønning Matre



Eg veit kva eg vil forkyn

Eg hugsar dagen godt, 5.juni i 1967. Eg var saman med mange andre gutar og jenter på skuleplassen heime då me fekk høyra at det hadde brote ut krig i Midt-Austen med Israel på den eine sida og Jordan og Egypt på den andre. Det var ikkje krigen som var mest skremmande for oss 13-åringar. Det var eit anna teppe som låg bakom, som nokre av oss frykta meir. Det var endetida, tida for Jesu atterkoma. Nokre av oss hadde høyrte forkynning om dette, men det var ikkje noko me ungdomar med heile livet framom oss, lengta etter.

Roald Drønen

«Det er verdsens ende slik me kjenner den, og eg har det bra...» Slik syng koret på ein av R.E.M sine hits. Av og til kan me prestar (og sikkert andre forkynnarnar også) bli tekne til side og spurt når me skal forkynna om undergangen av denne verda.

Eg vil likevel denne påska og andre søndagar framover forkynna den glade budskapet at Jesus Kristus døydde for syndarar og stod opp att, og at Gud vil skapa ein ny himmel og ei ny jord der det ikkje er sorg og ikkje skrik og ikkje pine.

Dette håpet har eg sjølv om eg dagleg vert minna om at mykje er gale i denne verda: livsfarleg virus drep tusenvis av menneske, økonomien kan snart kollapsa, klimakrisa heng over oss.

Paulus åtvare ein gong ein ung pastor ved namnet Timoteus om å forby einskilde i den gamle kyrkja i Efesos om å fara med ei anna lære eller vera opptekne av myter og endelause ættetavler. «For slikt fører berre til endelause spekulasjonar og tener ikkje til Guds frelsesplan, der det dreier seg om tru.» Og så held Paulus fram: «Målet for dette oppdraget er kjærleik av eit reint hjarte, av eit godt samvit og av ei oppriktig tru (1. Tim. 3-5).

Konfirmant neste år?

Me er allereie byrja tenkje på neste års konfirmantar. Etter påske vil alle som er fødd i 2006 få invitasjon i posten. Invitasjonen vert send til alle som er døypte, men alle som ynskjer konfirmasjon i kyrkja er hjarteleg velkomne. All informasjon vert tilsendt. Ta gjerne kontakt med kyrkjelydspedagog Randi L Matre om det er noko de lure på eller vil snakke om.

Paulus vil unngå at Timoteus motiverer folk til å søkja Gud pga. frykt, og heller søkja han pga. av kjærleik og eit ynskje om reinleik og sann tru.



Eg vil ikkje at folk skal bli redde av verdas undergang. Sjølv om verda går under og våre lekamar vert øydelagde, skal me leva vidare. Jesu seier er vår seier!

Om verda skulle gå under i morgon, vil eg i dag forkynna dei gode nyhende at Jesus Kristus døde for å frelsa syndarar og sto opp att, og at me kan leva eit liv i trua på han som gjeld til evig tid. Og om verda framleis heng i stroppene nokre tusen år til, vil eg framleis forkynna den same bodskapen.

Eg har lyst å byggja ein kyrkjelyd der me får kvila i det Jesus har gjort for oss, sjølv om det er utrygge og vanskelege tider. Me skal få kvila i Guds nåde og gå med håp i teneste for Gud og menneske.

Velsigna påskehøgtid !




Påskehelsing i posten

Når kyrkja er stengt, og me ikkje kan samlast til gudsteneste, ynskjer Fitjar kyrkjelyd å sende ei lita helsing til barn i alderen 2-8 år. Påske er ei stor og viktig høgtid i kyrkja. Me håpar boka/heftet kan vere til glede i denne tida me er i no, og ei hjelp til å snakke om påskeforteljinga i Bibelen.

Me håpar at de alle har gode dagar, og at de får ein fin påske.

Me gler oss til me kan samlast til familie-gudsteneste igjen.



”Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 29. mai til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 10. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Fast medarbeidar på kyrkjekontoret

Fitjar kyrkjekontor har fått fast kontormedarbeidar. Av fleire kandidatar vart Elisabeth Søndena Oma den heldige som vart tilsett i fast jobb der frå 1. februar i 40 % stilling. Ho har arbeidd der tidlegare i periodar over eit par år. Kyrkjebladet fekk ein prat med ho for å bli betre kjent.

Anne Hardeland

Elisabeth er fødd og oppvaksen i Haugesund og bur no i Fitjar saman med mannen og vesle Malene på 1 år. Ho synest Fitjar er ei fin bygd å koma til for utanforståande, der folk blir tekne godt imot og blir lett inkluderte.

Ho er utdanna allmennlærer i botnen, men tok så vidareutdanning som barnehagelærer og jobbar no også 35 % i Årskog barnehage. Ein kombinasjon ho trivest godt med. Høgskulefag i økonomi og administrasjon har ho teke i tillegg for å kvalifisera seg enno betre til arbeidet på kyrkjekontoret.

Kyrkja har alltid vore ein del av livet hennar. I tida frå ho var konfirmant i Skåre menighet i Haugesund og til ho var student, har ho hatt ein ungdomsleiarfunksjon i kyrkja. Dei var ein fin gjeng unge leiarar som arbeidde saman, og tida der har gitt mange gode minne. Ho har alltid kjent tilhørighet til det arbeidet kyrkja gjer og følt seg heime der. No er ho oppteken av at også Malene skal føla at det er der ho høyrer til, og dei har allereie delteke på babysong. Og ho kan ikkje fullrosa nok dei som står for det. Også trusopplæringsarbeidet som vert gjort for dei unge, er ho imponert over.

Som småbarnsmor med to jobbar blir det ikkje mykje tid til fritidssyslar, men om ho har tid, likar ho å halda på med kreative ting som t.d. scrapbooking.

I samarbeid med ulike prestar og kyrkjevevjer har Elisabeth heile tida opplevd eit fantastisk arbeidsmiljø og samhald på kontoret. Ho har vore gjennom utfordringar både med helse og tap av foreldre, og har alltid kjent seg godt ivareteken og hatt god støtte av kollegaene. Alle vert sett og har betydning uansett stilling, og det blir gitt raust med gode tilbakemeldingar. Arbeidsoppgåvene er varierte. Litt administrasjon og økonomi, samarbeid med kyrkjevevjer og prest, oppdatering av heimeside og facebookside,



registrering av diverse og forefallande arbeid. Ho samarbeider også litt med kyrkjelydspedagogen. Eit prosjekt ho nettopp vart ferdig med, var å gjennomgå gamle kyrkjeblad frå 1996 og framover for å senda dei til Nasjonalbiblioteket.

Sjølv om dei fleste no kontaktar kyrkjekontoret på telefon og e-post, er dørene alltid opne, og alle er velkomne inn. Elisabeth er til stades tysdag og fredag.

Me takkar for møtet med ein velkvalifisert, varm, open og positiv kontormedarbeidar som me gler oss til å samarbeida med. Og me ønskjer henne lukke og velsigning med i arbeidet vidare.



Eivind Skeie:

Trua sin song, håpet sin tone



Torsdag 27. februar var me mange som hadde ein sterk kveld i Fitjar kyrkje. Prest, salmediktar og forfattar, Eivind Skeie, tok oss med inn i si vide og samstundes vare diktarverd.

T: Herman Inge Aadland - F: Torbjørn Hovland

Han las eigne tekstar og deklamerte og song eigne salmar og singlar. Og så lèt han oss syngja med på ein del av salmane. Han er jo svært godt representert i Norsk Salmebok! Og det er ikkje så rart, for han rører verkeleg ved hjartestrenger i vår tid. Sjølv har Skeie ei fyldig og god barytonrøyst, og han brukar denne til å få fram meininga og stemninga i det han syng. Og med vår eigen dyktige kantor, Jan Overweg på piano-krakken, fekk både hans og kyrkjelyden sin song luft under vengene. Skeie uttrykte at han sette stor pris på kyrkjelydssongen.

Denne kvelden trødde Eivind Skeie med sær sars vare og mjuke steg. For han tok oss spesielt med inn i dikt og tekstar som er blitt til i såre og vanskelege situasjonar. Me kan berre ta med litt her: Han var tett på då ein svoger måtte gje tapt for kreft. Den opplevinga lokka fram vare, trøysterike dikt som «Noen våker sammen med meg» og salmen «Ulmende håp». (Nr. 300 i boka «316 salmer og sanger».) For nokre år sidan miste han bror sin på grunn av Alzheimer. Då kom dikta: «Jeg elsker deg som før» og «Brødre». Same lagnaden

fekk Sigvald Tveit, den uvanleg gåverike musikaren og komponisten, som samarbeidde tett med Skeie gjennom mange tiår. Då er det ikkje lett å finna ord, men Eivind Skeie finn dei som ved eit under:

*Forløst og befridd skal du møte
din Frelser på stranden en gang.
Det er i den tidlige morgen,
og alt det du hører er sang.*

*Du kjenner hans hånd mot din panne.
Han sier: «Jeg ventet deg, venn.
Og alt du har mistet på jorden,
det skal du i dag få igjen.»*

(V. 1 og 4 av nr. 314 i «316 salmer og sanger».) Han gav oss også sterke tekstar som var blitt til ved tap av born, både fødde og ufødde. Alt var så vart, varmt og respektfullt.

Dersom du som les dette, kjem i ein situasjon der du leitar etter dei rette orda, vil eg tilrå deg å leita i Eivind Skeie sine salmar og dikt. Eg trur at mange nettopp der vil finna ord som rører og held; ord til trøyst og til å trøysta andre med.

Det var varmt i Fitjar kyrkje denne kvelden, og det både i fysisk og mental/åndeleg forstand. Stor takk til Eivind Skeie for at han kom og gav oss denne opplevinga!





Helga 15.-16. februar vart kyrkja vår innteken av 23 nyfikne og trivelege tredjeklassingar. Med opne sinn og skjerpa sansar gjekk dei laus på diverse mysterium dei fekk å løysa. Dei var nemleg ikkje noko mindre enn «Tårnagentar»! Først var dei gjennom opptaksprøver for å bli rettelege agentar. Alle stod på testane og fann fram gjennom labyrinten. Dermed fekk dei agentprov med eige agentnummer.

T: Herman Inge Aadland - F: Randi Lønning Matre

Så var dei klar for leiting etter kyrkjeskattar. Det var nemleg forsvunne lystestakar, altarbibel, dåpsfat og nattverdsutstyr. Borna fann sakene og fekk nøsta opp i kva meiningane med desse spesielle tinga er.

Etter dette saumfor dei kyrkja frå kjellar til tårn. Dei var i presten sitt kleskap, ved orgelet, i sakristia og på kyrkjeloftet. Symbol vart oppdaga og forklarte.


Seinare var det tid for førebuing av gudsteneste. Dei øvde song, velsigning og bibeltablå, og dei teikna bøner og la hemmelege meldingar under alle seteputene. Og plutselig dukka det opp ein hemmeleg gjest. Og han hadde det veldig kjekt! Han veit det godt, for den heldige var meg; denne gongen utkledd som gjætar. Laurdagen inneheldt dessutan måltid, fruktservering og bollar. Gode agentar treng mat!

Søndagen var det på han att kl. 10.00. Då med vidare øving og lesing frå boka "Skatten i Liljedal". Så vart det ei vedunderleg vakker og glad gudsteneste for store og små. Temaet var «Jesus stiller stormen». Kyrkjelydspedagog Randi hadde snikra ein flott båt med plass til alle læresveinane. Og me fekk sjå Jesus som gjekk på vatnet og Peter som plumpa, men vart berga. Eit vakkert samspel mellom borna, Randi og presten Roald. Ikkje overspel, men herleg og trygg evangelieforkynning.

Tårnagenthelga vart avslutta med kyrkjekaffi, saft og gode kaker, før dei 23 agentane gjekk heim med kvar si bok under armen, «Skatten i Liljedal».

Tusen takk til alle dei villige og venlege medhjelparane som var med og loste denne gode helga i hamn. Og like mykje takk til Engevik & Tislevoll AS for gode materialar til ein flott båt!






JESUS LEVER

I Markus 16,1 kan du lese historia frå 1. påskedag!

Då nokre kvinner kom til grava, var den tunge steinen framfor grava rulla vekk.
Jesus hadde stått opp frå dei døde.

Set fine fargar på det glade bilete!



Forandra av Jesus

«– Det som fekk meg til å bli kristen, er at eg kan kjenna meg trygg på at eg er frelst, seier Suley. I islam har ein aldri den tryggleiken.

Frode Brügge Sætre

I november 2017 vart ein NMS-støtta evangelistmisjonær i Sentral-Mali kjent med mobiltelefonreparatøren Suley. Suley vart forundra over at «Peter» som er frå Nigeria snakkar fulani og endå meir forundra då han fekk vite at «Peter» er misjonær og at det finst kristne fulanarar.

Det gjekk ikkje så lenge før dette nye vennskapet gjorde at Suley fekk lyst til å finna ut kva evangeliet går ut på. Han fekk ein app med Det Nye Testamente på telefonen sin og fortsette å ha mykje kontakt med «Peter». Langsamt vaks trua fram i ham.

Forandra seg så mykje at kona vart kristen

Då Suley tok imot Jesus, forandra han seg. Han hadde vore både utålmodig og oppfarande. Men det vart det slutt på. Og på den måten leia han kona si, Kumba, til Jesus. Ho lurte på kva som hadde skjedd sidan mannen hadde vorte så annleis. Suley fortalde at han hadde byrja å følgja Jesus. Kumba sier at ho byrja å tru på Jesus Kristus fordi ho såg korleis han forandra den vrangte ektemannen hennas. Og etter at ho tok imot Jesus, har ho erfart korleis Gud velsignar familien hennar.

Lengta etter å bli døypt

Suley og Kumba vart etter kvart veldig opptekne av at dei ønskte å bli døypte. Det er vanleg å ha dåp til jul og til påske, men begge gav uttrykk for at dei ikkje orka å venta heilt til jul. Saman med to andre vart dei døypte 24. september 2019.

Å vera frelst betyr alt for oss, seier Suley og Kumba. Me har blitt fri frå mørket sine krefter. I staden har me blitt fylt av kjærleik og glede.

Suley og Kumba har og opplevd vanskar, knytt til slektingar og andre som ikkje likar at dei er blitt kristne. Men den nye familien dei har fått i kyrkja, er ei stor velsigning for dei.»

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. I Mali bur det omkring 20 millionar menneske, og ca 3 millionar av desse er fulanarar. Berre eit par hundre av desse er kristne, og difor kom NMS hit i 1986 med mål om å nå ut med evangeliet til fulanarane. Frode Brügge Sætre er utsending for NMS i Mali og han har sendt oss historia om Suley som vart forandra av Jesus.



Illustrasjonsbilete frå Mali: Ingvald A. Frøyen

NMS OG COVID-19

Koronakrisa, som me er kjend med i Noreg, får òg konsekvensar for misjonsarbeidet. NMS hentar no heim alle sine misjonærar i Afrika, dvs misjonærar som jobbar i Mali, Etiopia og på Madagaskar. For dei tilsette i NMS i Noreg er det innført reiseforbod til utlandet, og det er innført strenge avgrensingar på reiseverksemd innanlands. Alle leirar er avlyste og alle gjenbruksbutikkane er stengde inntil vidare. Dei tilsette i NMS jobbar no frå heimekontor.

Det vert teke opp offer til misjonsprosjektet under nettgudstenesta i kyrkja 1. påskedag. Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve på Vipps eller til kontonummer 8220 02 85057 og merka betalinga med Mali.



Fasteaksjonen:

Gje eit liv med vatn

Verda står overfor ein situasjon vår generasjon ikkje har sett maken til. Då er det godt å sjå at det nyttar å hjelpe og at pengane som samlast inn, kjem fram. Kirkens Nødhjelp sitt arbeid med reint vatn og hygiene reddar liv kvar einaste dag.

Randi Lønning Matre

Vanlegvis ville konfirmantar gått frå dør til dør med bøsser for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, men i år har aksjon rulla og gått på sosiale medier, nettsida vår og via Vipps.

For å unngå å spreia smitte er Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon digital i år. Årets aksjon handlar om å gi reint vatn og opplæring i hygiene til menneske som treng det. Koronaviruset kan ramme land med stor fattigdom og dårleg utbygde helsesystem hardt. I ein slik situasjon er reint vatn og god hygiene livsviktig. Kirkens Nødhjelp er allereie i gang med opplæring om koronaviruset og smitteførebygging i fleire av landa vi er til stades i.

I desse landa er det mange som allereie merkar alvorlege konsekvensar av klimaendringane som ikkje gjer situasjonen betre. Tørke og flaum øydelegg livsgrunnlaget til folk og tvingar stadig fleire på flukt. I dag lever 1 av 9 menneske i verda utan tilgang til reint vatn.

Ung dugnad

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er ein fantastisk dugnad. Eg har lyst å sei tusen takk til alle foreldre/føresette og



frivillige som stod på lista for å hjelpe under årets fasteaksjon, og til alle konfirmantar og andre som har vore digitale bøsseberarar.

I dag kan du vere med å gi, dele og invitere andre til å vere med å gi. Du kan vippse valfritt beløp til 2426, sende sms med kodeord vann til 2426 (gir 200kr) til Kirkens Nødhjelp.

På heimesida vår finn du informasjon om fasteaksjonen. Og på facebook har Fitjar kyrkjelyd ein innsamlingsaksjon som du kan donere, dele og invitere til.

Tusen takk til alle som bidrar. Det nyttar!

Kjøp ein stol til Fitjar bedehus

For samhald og fellesskap

Fitjar bedehus har samla unge og eldre sidan 1982. I 2019 har det vore 350 menneske innom bedehuset kvar veke, og tel me med messer og basarar har me til saman **13 000 besøkande kvart år**.

Vi deler tro, sorg og glede, og fellesskap! For å halde fram med å samle bygda vil vi no gå til innkjøp av **90 nye stolar. Dette treng me hjelp med!**

Sum per stol er 1750 kr. Totalsum for innkjøpet er 157 500 kr.
(Eit eventuelt overskot av innsamlinga vil gå til innkjøp av 50 nye bord til bedehuset).

Støtt bedehuset og bygda ved å gje ei gåve til
Fitjar bedehus
Kontonummer: 3546.60.06694,
merk. stolar.

Vi takkar for alle bidrag!



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND

TLF: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123

**LERØY
SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjerelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com

FRS
FITJAR RØR & SANITÆR A.S

Mobilnr:
975 02381

**PORT
STEINGARD**

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)

E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

Hår
loftet

OPNINGSTIDER

Mån,tirs,fre..... 9-16

Ons,tors..... 9-18

Laur (kun drop-in).. 10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

Fiks frisyren
hos oss!



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningssenter

Mobilnr: 951 89950

Fitjar-Posten

E-POST: post@fitjarposten.no - MOB: 476 52 527

www.fitjarposten.no

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Interflora

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00

www.fmvas.no



FITJAR
SMÅBÅT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21



SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalveid 27, 5419 Fitjar
Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Syng med oss !
OSTERNES MANNSKOR

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI

SHIP DESIGN



www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døyppte:

16.02.
Matheo Vik Bratli

01.03.
Olai Ersland Mehammer
Vebjørn Korsvik Bukkøy

15.03.
Aron Tufteland Johansen
Iver Tverderøy Halsnes

Vigde:

Heidi Løvbrekke Heggland og
Jan Ivar Westvik

Jordfeste:

Sigrid Annbjørg Breivik
f: 23.11.1954 - d: 24.01.2020

Klara Kjelsnes
f: 02.11.1927 - d: 28.01.2020

Magnus Skålevik
f: 23.02.1931 - d: 29.01.2020

Ruth Gloppen
f: 10.09.1924 - d: 04.02.2020

Rasmus Knut Tislevoll
f: 21.10.1928 - d: 25.02.2020

Kjellaug Andora Røyrøy
f: 28.03.1930 - d: 27.02.2020

Alf Helge Storevik
f: 14.07.1953 - d: 06.03.2020

Signe Katrine Laukhammer
f: 02.08.1931 - d: 12.03.2020

Ola Bent Korsvik
f: 23.03.1972 - d: 13.03.2020

Sverre Halsteinsen
f: 21.01.1952 - d: 15.03.2020

Fitjar sokn har ledig 40-60 % fast stilling
som KYRKJEGARDSARBEIDAR
Fullstendig utlysing på kyrkja.no/fitjar

ME SØKJAR OGSÅ ETTER
SOMMARVIKARAR PÅ GRAVPLASSEN



Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad
09.04.	11:00	Skjærtorsdag
10.04.	11:00	Langfredag
12.04.	11:00	1. påskedag
19.04.	11:00	2. søn. i påsketida,
26.04.	11:00	3. søn. i påsketida
03.05.	11:00	4. søn. i påsketida
10.05.	11:00	5. søn. i påsketida
17.05.	11:00	Grunnlovsdag
24.05.	11:00	Søn. før pinse
31.05.	11:00	Pinsedag
01.06.	11:00	Gudst. v/Kidnavatnet ???
07.06.	11:00	Treeiningssøndag
14.06.	11:00	2. søn. i treeiningstida

Treng du nokon å snakka med?

Kyrkjekontoret er stengt, men me er framleis tilgjengelege på telefon:

Sokneprest i Fitjar: Roald Drønen tlf. 95 07 66 35

Du kan òg ringja tidlegare sokneprest Herman Inge Aadland, tlf. 91 17 58 82

Open kyrkje

Fitjar kyrkje vil vera open skjærtorsdag,
langfredag og påskedag kl. 16-18 med
vakthald. Max 10 personar inne samtidig.

Direktesendingar frå Fitjar kyrkje

I tida framover vil me senda korte
gudstenester frå Fitjar kyrkje - søndagar
kl. 11.00 - direkte på vår YouTube kanal.
Sendingane kan også sjåast i etterkant.

Frå heimesida "kyrkja.no/fitjar" er både
nye og gamle sendingar lett å finna! Eller
søk etter "Fitjar kyrkje" på YouTube.

Det er gledeleg å sjå at minst like mange
følgjer gudstenestene på denne måten ...